

Fra: Bente Bjelland (bebj@fitjar.kommune.no)

Sendt: 13.05.2015 14:51:37

Til: Marianne Ose Askvik

Kopi: Astrid Fylkesnes Halland

Emne: Evaluering av fylkesmønstring på USF

Vedlegg:

EVALUERING AV FYLKESMØNSTRING PÅ USF

Arrangementet i år hadde svært mange positive moment. Det var eit hyggelig og uformelt arrangement med gjennomgåande god stemning. Veldig godt bemanna. Workshops har fått gode tilbakemeldingar. Veldig positivt at med varm mat. Lys og lyd var bra.

Salen var i minste laget ikkje sitteplass til alle som ville sjå på. Me har inntrykk av at dei ikkje fekk høyrt så mykje på kvarandre pga dette. Dei som var åleine på arrangementet har meldt tilbake at det vart dødtid med lite samlande opplegg innimellan. Kanskje dette hadde vorte betre om dei kunne haft sitteplass i salen for alle.

Når det gjeld registrering hadde det sikkert vore enklare om de sender matriellet til oss på forhånd, slik at kommunekontaktane ikkje må stå i registreringsområdet heile dagen å vente på dei.

Når det gjeld forslag til utviding av arrangementet til 3 dagar vil dette gjerne føre til meir døttid. Forslaget vårt er å heller komprimere programmet for å unngå for lange pausar. Dersom dette fører til at det vert for crewet er det betre å auke opp tale på bestettinga. Det kan også by på utfordringar for kommunekontaktar å vere tilstades over så lang tid.

Totalintrykket for arrangementet var gjennomgåande bra, og det er imponerande at de har fått til et så ryddig opplegg med tanke på at det er første gongen de gjer det!

Me gler oss til neste år!

Mvh Astrid Halland Fylkesnes, Stord

og Bente Bjelland, Fitjar